

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-011	21/82

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2021	Valstyret	PS	18.03.2021

Delegering av mynde etter vallova / kommunelova

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får – saman med leiar i valstyret – fullmakt til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter samt å ta seg av det praktiske arbeidet med stortingsvalet 2021.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det er mange avgjerder som skal takast i samband med stortingsvalet 2021. Nokre avgjerder er lovpålagt at skal avgjerast i valstyret, andre avgjerder kan gjelde reint praktiske ting av ikkje prinsipiell karakter.

Døme på saker som er prinsipielle ved eit stortingsval og kor valstyret skal ta avgjerd er:

- Fastsette frister for kommunen
- Vedta røystestader og opningstider
- Vedta organisering av valgjennomføring (opptellingsmåte)
- Oppnemnde røystestyrene
- Handsame forkastingar
- Godkjenne valet (møteboka)
- Handsame klager ved valet

Døme på saker som ikkje er av prinsipielle ved eit stortingsval og som kan delegerast er:

- Rekruttere valmedarbeidarar
- Bestemme godgjerding for valmedarbeidarane
- Sette opp arbeidstider
- Skrive ut utleggingsmanntal
- Rigge vallokaler og distribuerer valmateriell til desse
- Registrere røystegjevingar i EVA
- Lage rutiner for oppbevaring av valmateriell

Fakta

Vallova § 4-1:

I hver kommune skal det være et valgstyre som velges av kommunestyret selv.

Valstyret i Masfjorden kommune vart vald i KS-sak 069/2019 og medlemmene er personidentiske med formannskapsmedlemmene. Ordførar er vald som leiar i valstyret.

Kommunelova § 5-7, nr 4:

Utvalget kan gi lederen eller arbeidsutvalg myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke er av prinsipiell betydning, viss ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.

Kommunelova § 13-1, nr 6:

Et folkevalgt organ kan gi kommunedirektøren myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.

Vurdering

Lowverket sitert over gjev valstyret heimel til å delegere mynde til leiar av valstyret eller rådmannen til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Rådmannen kan delegere denne oppgåva vidare i organisasjonen.

Masfjorden kommune tel opp sentralt samla. Dvs at alle røystesetlane frå førehandsperioden vert sortert og talt manuelt for seg ein stad og alle røystesetlane frå valtinga vert sortert og talt manuelt samla på kommunehuset.

Konklusjon

Rådmannen meiner at det av praktiske grunnar bør gjevast fullmakt til valansvarleg og leiar av valstyret, til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter i samband med Stortingsvalet 2021.

Valstyret - 002/2021

VS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VS - vedtak:

Rådmannen får – saman med leiar i valstyret – fullmakt til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter samt å ta seg av det praktiske arbeidet med stortingsvalet 2021.

